



Retningslinjer om kompensasjon for jamleg bruk av eigen bil i tenesta

Retningslinjene er laga med bakgrunn i SGS 1001 § 4. Retningslinjene er meint å sikre likehandsaming av arbeidstakarar i Stad kommune.

Dersom det er naudsynt å disponere bil i tenesta, stiller arbeidsgjevar som hovudregel bil til disposisjon for arbeidstakar. I motsett fall kan arbeidsgjevar og arbeidstakar inngå avtale om kompensasjon for jamleg bruk av eigen bil i tenesta.

Einingsleiar har mynde til å inngå avtale med sine arbeidstakarar om kompensasjon etter desse retningslinjene. Det skal lagast ei skriftleg avtale mellom einingsleiar og arbeidstakar som grunnlag for utbetaling av kompensasjon.

Kompensasjon gis til arbeidstakarar som brukar eigen bil *jamleg* i tenesta. Det skal vurderast konkret om det ligg føre jamleg bruk av eigen bil i tenesta. Det må vere ein viss hyppigheit og stabilitet i bruken av eigen bil. Det bør ikkje vere for lange opphald mellom kvar gong ein brukar eigen bil, og bruken bør vere over ein meir varig periode.

Arbeidsgjevar og arbeidstakar vurderer det om nødvendig at arbeidstakar teiknar forsikring slik at leigebil kan disponerast når eigen bil ikkje er disponibel. Arbeidsgjevar dekkjer då eventuelt dokumentert tilleggspremie.

Det vert utbetalt kr. 65 pr. dag for bruk av eigen bil i tenesta. Utbetaling av beløpet skjer på bakgrunn av innlevert reiserekning i VISMA expense.

Det vert maksimalt utbetalt kr. 14.300 som kompensasjon for bruk av eigen bil i tenesta. Det vert i tillegg utbetalt kilometersats etter statens reiseregulativ for tenestereisa. Godtgjersla vert endra i samsvar med auke i sats i SGS 1001.

Individuell avtale skal lagrast i arbeidstakar si personalmappe i acos.

Retningslinjene gjeld frå 01.04.2022

Nordfjordeid, 03.03.2022

Åslaug Krogsæter
Kommunedirektør



Saksnummer: 22/99